

Styre, råd og utval i Vindafjord kommune

Omtale av utvala og presisering av rolla den innvalde har

Vedteke av Vindafjord kommunestyre 20.02.24, sak 005/24

Denne omtalen er laga på bakgrunn av sak 087/23, Val av representantar til styre, råd og utval, som var oppe i kommunestyret 12.12.23. Vedtaket her blei:

1. Kommunestyret vedtar kandidatane som er foreslått av valnemnda
2. Kommunestyret ber kommunedirektøren koma tilbake med presisering av kva formelt grunnlag vervet kjem frå, kva rolle og mynde dei innvalde har og kven dei rapporterer til, og kan rådføre seg med. Dei innvalde representantane må få eit informasjonsskriv der også rett til godtgjersle framgår.

RÅDET FOR ELDERE OG FOR PERSONAR MED FUNKSJONSNEDSETTING (REF)

Kommunestyret har vedtatt reglement for rådet. Reglementet er utarbeidd i medhald av Kommuneleva, forskrift om medverknadsordningar, rettleiar for råda for personar med funksjonsnedsetting og rettleiar for eldreråd. REF er eit rådgjevande organ, og som skal stimulera til kvalitet på tenester og bidra til engasjement og medverknad i arbeidet om saker som er særleg viktige for eldre og for menneske med funksjonsnedsetting.

Rådet har slik samansetjing: 2 medlemmer frå kommunestyret, 3 medlemmer frå eldreorganisasjonar og 2 medlemmer som representerer personar med funksjonsnedsetting eller deira organisasjonar. Innvalde kan rapportere til OPOM og har rett på møtegodtgjersle frå kommunen.

VINDAFJORD UNGDOMSRÅD

Etter den nye kommunelova §5-2 er kommunane pålagde å ha eit ungdomsråd eller eit annan medverknadsorgan for ungdom. Det er fastsett «Forskrift om kommunale og fylkeskommunale råd for eldre, personer med funksjonsnedsettelse og ungdom (forskrift om medvirkningsordningar)». Kommunestyret vel 7 medlemmer og 5 varamedlemmer.

Ungdomsrådet har eige reglement, vedtatt av kommunestyret.

Innvalde kan rapportere til OPOM og har rett på møtegodtgjersle frå kommunen.

VINDAFJORD INTEGRERINGSRÅD

Integreringsrådet vart nedsett med heimel i § 5-7 i Kommuneleva.

Formål: Integreringsrådet skal sikra medverknad i politiske saker frå innvandrarakar busett i Vindafjord kommune. Rådet skal ha særskild fokus på integrering og inkludering. Rådet vil vera eit høyringsorgan for kommunen og ein arena for dialog og samarbeid mellom innvandrarakar, politikarar og administrasjonen i Vindafjord kommune. Rådet skal bidra med forslag og nytenking for betring av levekår og deltaking i samfunnslivet for innvandrarakar. Rådet skal inspirera innvandrarakar i Vindafjord til å delta i den demokratiske prosessen.

Integreringsrådet skal bestå av 5 medlemmer med 4 varamedlemmer. 3 personar med innvandrarbakgrunn med ulik landbakgrunn og 2 politikarar frå ulike parti.

Innvalde kan rapportere til OPOM og har rett på møtegodtgjersle frå kommunen.

KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalet skal på vegne av kommunestyret ha ansvar for kontroll med kommunen si verksemd, under dette sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

Kontrollutvalet skil seg i stor grad frå andre kommunale styre, råd og utval då utvalet ikkje skal drive politisk verksemd, og heller ikkje skal overprøve politiske prioriteringar gjort av andre folkevalte organ eller andre kommunale organ.

Kontrollutvalet skal framstå som eit kompetent, uavhengig, objektivt og synleg organ med høg integritet. Kontrollutvalet sine medlemmer og varamedlemmer har rett til deltaking på kommunen sin folkevaldopplæring, tilsvarande som for kommunestyremedlemmene.

Kontrollutvalet skal ha minst 5 medlemmer. Kommunestyret vel medlemmer og varamedlemmer til kontrollutvalet som første sak etter val av formannskap og ordførar/varaordførar i det konstituerande møte. Minst ein av dei valde medlemmene i kontrollutvalet skal vera medlem av kommunestyret. Kommunestyret vel leiar og nestleiar. Utvalsleiar kan ikkje vera medlem av same parti eller tilhøyra same gruppe som ordføraren. Det bør takast omsyn til kontinuitet i utvalet. Kontrollutvalet i Vindafjord har 5 medlemmer med 5 varamedlemmer i nummerert rekkefølge. Dei innvalde har rett på møtegodtgjersle frå kommunen.

ADMINISTRASJONSUTVALET

I Kommunelova heiter det i §5-2 at partssamansette utval skal opprettast. Kommunestyret har vedtatt at utvalet skal ha 7 medlemmer; 4 arbeidsgjevarrepresentantar og 3 arbeidstakarrepresentantar. Ordførar er leiar og varaordførar er nestleiar. Utvalet har om lag 4 møte per år.

Innvalde frå dei folkevalde har rett på møtegodtgjersle frå kommunen.

FYLKESMØTE I KS

Fylkesmøtet er KS' øverste organ i fylket. Kvar kommune vel representantar med varamedlemmer til fylkesmøtet. Det kan avholdes felles fylkesmøter på tvers av fylkesgrensene.

Fylkesmøta blir leia av fylkesstyret sin leiar. Kvar kommune vel representantar med varamedlemmer til fylkesmøtet.

Etter vedtektene i KS skal kommunane sine representantar veljast blant dei faste kommunestyrerepresentantane i kommunestyret sitt konstituerande møte. Ordføraren bør vera blant representantane. Det bør veljast like mange vararepresentantar som representantar + to ekstra for kvart parti/gruppering. Etter folketalet har Vindafjord to representantar.

EIGEDOMSUTVALET

Utvalet handsamar kjøp og sal av eigedom. Under revidering av det politiske delegeringsreglementet gav Kommunestyret i møte 22.09.20, sak 049/20, meir mynde til utvalet.

Dei innvalde har rett på møtegodtgjersle frå kommunen.

LØNSUTVALET

Utvalet fastset kommunedirektøren si løn.

Utvalet har tre faste medlemmer og fem varamedlemmer i nummerert rekkefølge.

Dei innvalde har rett på møtegodtgjersle frå kommunen.

VILT- OG FISKEUTVAL

Utvalet er delegert mynde til å gjera vedtak i saker som ligg under viltlova, nokre paragrafar i naturmangfaldlova og laks- og innlandsfiskeklova.

Utvalet har fem medlemmer og tre varamedlemmer i nummerert rekkefølge

Utvalet har eitt fast møte per år for tildeling av fellingsløyve. Elles møter etter behov, oftast 2-4 møter per år.

Møteprotokollane vert lagt offentleg tilgjengeleg på kommunen si heimeside, som for andre politiske utval. Møtebøkene vert i tillegg sendt kontrollutvalet.

Dei innvalde rapporterer til DUK og har rett på møtegodtgjersle frå kommunen.

DET INTERKOMMUNALE HJORTEVILTUTVALET – REPRESENTANT OG VARAREPRESENTANT FRÅ VINDAFJORD KOMMUNE

Utvalet er eit rådgjevande interkommunalt samarbeidsorgan for forvaltning av hjortevilt på Haugalandet og i Ryfylke. Desse kommunane er med: Sveio, Haugesund, Karmøy, Bokn, Tysvær, Vindafjord, Etne, Suldal og Sauda.

Kommunane er representerte ved ein politisk vald person. I tillegg har dei viltansvarlege i kommunane sin administrasjon møterett, men ikkje stemmerett.

Hjorteviltutvalet vart stifta for meir enn 20 år sidan for å samarbeida om ein felles sporhundsentral og for å få meir samordna forvaltning av hjortevilt i distriktet. I ettertid har Forskrift om forvaltning av hjortevilt fått ein eigen paragraf om interkommunalt samarbeid (§ 4). Utvalet arbeider m.a. med kartlegging av bestandsdata (auka kunnskapsgrunnlaget) og utarbeiding av felles forvaltingsplanar for hjorten i medlemskommunane.

Utvalet har om lag 4 møte per år.

Rolle for den innvalde er å gje faglege innspel på vegne av kommunen. Hen har stemmerett i utvalet. Innkallingar og referat frå møta vert registrerte i websak (kommunen sitt saksarkiv), dei bør og leggjast som referatsak i Vilt- og fiskeutvalet.

Dei innvalde har rett på møtegodtgjersle frå kommunen.

VILLREINEMNDA FOR HARDANGERVIDDAOMRÅDET – FORSLAG TIL MEDLEM OG VARAMEDLEM FRÅ VINDAFJORD KOMMUNE

Etter forskrift om forvaltning av hjortevilt (Hjorteviltforskrifta) skal villreinen forvaltast av ei villreinnemnd.

Miljødirektoratet har bedt kommunen om å foreslå ein kvinneleg og ein mannleg representant til Villreinnemnda for Hardangerviddaområdet.

Dei innvalde rapporterer til Vilt- og fiskeutvalet som og bør få tilsendt referat frå møta.

Møtegodtgjersle utbetalt frå Villreinnemnda etter Staten sine satsar.

DYREVERNEMNDA- AVDELING SUNNHORDLAND OG HAUGALANDET – MEDLEM FRÅ VINDAFJORD

Etter Dyrevernlova skal kommunane ha ei dyrevernemnd.

Kommunen har ein medlem i nemnda. Kommunen har rett til å foreslå medlemmer til nemnda.

Nemnda vert oppnemnd av regiondirektøren i Mattilsynet.

Nemnda skal hjelpe Mattilsynet ved inspeksjon der Mattilsynet finn behov for lekmannsskjøn.

Dei innvalde rapporteter til DUK, godtgjersle frå Mattilsynet etter Staten sine satsar.

FRILUFTSRÅDET VEST – STYREREPRÆSENTANTAR OG VARAREPRÆSENTANTAR FRÅ VINDAFJORD KOMMUNE,

FRILUFTSRÅDET VEST – ÅRSMØTEREPRÆSENTANTAR OG VARAREPRÆSENTANTAR

13 kommunar (7 i Nord-Rogaland og 6 i Sunnhordland) er medlemmer i friluftsrådet. Kommunane har eit styremedlem kvar.

Kommunane oppnemner tre årsmøterepræsentantar.

Friluftsrådet held til i Tysvær rådhus og har 7 tilsette. Samarbeidsavtalen ligg til grunn for mandatet.

Protokollar frå styre- og årsmøta vert refererte i DUK. Innvalde kan rådføre seg med leiar i DUK.

Det vert gitt styrehonorar frå Friluftsrådet Vest.

Årsmøterepræsentantar får møtegodtgjersle frå kommunen.

HAUGALAND KRAFT – REPRESENTANTAR OG VARAREPRÆSENTANTAR TIL EIGARSEMINAR

Konsernet er eigd av kommunane Karmøy, Haugesund, Tysvær, Vindafjord, Sveio, Utsira, Suldal, Sauda, Ullensvang, Etne, Fitjar og Bømlo samt selskapa Finnås Kraftlag SA, SØK AS, Fitjar Kraftlag SA. Konsernet har om lag 550 tilsette.

Selskapsavtalen ligg til grunn for vervet som representant.

Dei innvalde skal forvalte kommunen si eigarinteresse og rapporterer til formannskapet.

Godtgjersle utbetalt av kommunen.

ÅRSMØTE I SKÅNEVIK OG ØLEN KRAFTLAG – STIFTINGA

Vindafjord kommune er medeigar i SØK, skal derfor ha med representantar i stiftinga.

Stiftinga skal forvalta kapitalen på ein føremålstenleg måte med tanke på langsiktig verdiauke av kapitalen i stiftinga, risikospreiing, likviditet og avkastning.

Stiftinga skal vidareføra stiftaren Skånevik Ølen Kraftlag AS sin funksjon som støttespelar for ulike allmennyttige og liknande føremål i SØK-området, og støtta samfunnsnyttige tiltak og aktivitetar, samt fremja allmennyttige og liknande føremål til beste for innbyggjarane i SØK-området. Stiftinga kan også samarbeida med og gi støtte til andre aktørar som driv bygde- og næringsutvikling.

Innvalde treng ikkje å rapportere vidare til andre utval.

Godtgjersle utbetalt av kommunen.

HAUGALAND INTERKOMMUNALE MILJØVERK IKS – REPRESENTANT OG VARAREPRÆSENTANT I INTERKOMMUNALT KLAGEORGAN

HIM er eit interkommunalt selskap (IKS), og vart etablert i 2007 av eigarkommunane Bokn, Etne, Haugesund, Tysvær og Vindafjord. Selskapet hadde pr. 31.12.2019 40 tilsette. Administrasjonen held til på Toraneset miljøpark i Vindafjord kommune.

HIM har oppretta eit interkommunalt klageorgan med representantar frå kvar eigarkommune.

Klageorganet skal gjera endeleg vedtak i klage på einskildvedtak gjort av administrasjonen i HIM.

Kommunestyret oppnemner vanlegvis leiar i DUK som representant med nestleiar i DUK som vararepræsentant.

Dei innvalde skal ivareta kommunen sine interesser. Dei kan rapportere og rådføre seg med leiar i DUK.

Godtgjersle utbetalt av kommunen.

HAUGALAND INTERKOMMUNALE MILJØVERK – MEDLEMMER OG VARAMEDLEMMER I REPRESENTANTSKAPET

HIM er eit interkommunalt selskap (IKS), og vart etablert i 2007 av eigarkommunane Bokn, Etne, Haugesund, Tysvær og Vindafjord. Selskapet hadde pr. 31.12.2019 40 tilsette. Administrasjonen held til på Toraneset miljøpark i Vindafjord kommune.

Etter vedtektene har Vindafjord kommunestyre oppnemnt to representantar (ordførar og varaordførar) og to vararepresentantar til representantskapet. Selskapet skal ha 7 styremedlemmer. Eventuelle styremedlemmer frå dei tilsette kjem i tillegg.

Dei innvalde skal ivareta kommunen sine interesser. Dei kan rapportere og rådføra seg med leiar i DUK.

Godtgjersle utbetalt av kommunen.

REPRESENTANTAR OG VARAREPRESENTANTAR TIL SAMARBEIDSUTVAL I SKULAR, BARNEHAGAR OG OPPVEKSTSENTER.

Den folkevalde si rolla i SU:

Den folkevalde representanten skal opptre lojalt ovanfor OPOM sine og kommunestyret sine fleirtalsbeslutningar. Vedkomande representerer kommunen i møta, og skal jobba for at vedtaka i SU er med på å realisera intensjonane i vedtak som er fatta i kommunestyret/ OPOM.

Den folkevalde representanten sine oppgåver:

Den folkevalde representanten er OPOM sin representant i SU. Saman skal dei folkevalde representantane vera med på å heva utvalet sin kunnskap om verksemda i kommunen sine grunnskular og barnehagar.

I OPOM skal vedkomande bidra med særleg kunnskap om forholda ved den skulen/barnehagen som vedkomande er representant på. Ved behov skal representanten utdjupa referatet frå det SU vedkomande er medlem i. Referata frå alle SU- møta skal leggjast fram som referatsaker i OPOM.

Godtgjersle:

Den folkevalde representanten mottar ordinær møtegodtgjersle frå kommunen for deltaking på SU-møter.

TVEIT VIDAREGÅANDE SKULE – STYREREPRESENTANT OG VARAREPRESENTANT FRÅ VINDAFJORD

Skulen er ein naturbruksskule som utdannar elevar innan naturbruk. I vedtektene til stiftinga heiter det m.a. at stiftelseskommunane skal ha 4 til 6 plassar i styret. Stiftelseskommunane er: Forsand, Hjelmeland, Strand, Rennesøy, Finnøy, Suldal, Sauda, Vindafjord, Bokn og Tysvær. Nå også Nye Stavanger og Nye Sandnes.

Den innvalde representanten frå kommunen skal ivareta stiftinga sine interesser.

Ein treng ikkje å rapportere vidare til noko utval.

Styrehonorar utbetalt frå stiftinga.

VINTERLANDBRUKSSKULEN I RYFYLKE – STYREREPRESENTANT OG VARAREPRESENTANT

Skulen starta opp i 1979 og er driven som ei stifting der kommunane i Ryfylke er stiftarar. Antal kommunar i stiftinga har variert. I dag er alle kommunane i Ryfylke med i stiftinga og i tillegg er Tysvær, Vindafjord og Bokn, kommunar på Haugalandet, med.

Formålet til skulen er å gje tilbod til utdanning i naturbruk til vaksne personar som på grunn av familie og jobb vanskeleg kan reisa vekk for å ta utdanninga.

Den innvalde representanten frå kommunen skal ivareta stiftinga sine interesser.

Ein treng ikkje å rapportere vidare til noko utval.

Styrehonorar utbetalt frå stiftinga.

INTERKOMMUNALT UTVAL – IDRETTSSEKTOREN – REPRESENTANT OG VARAREPRESENTANT

Utvalet består av kommunane Vindafjord, Haugesund, Bokn, Sveio, Karmøy og Tysvær.

Dei innvalde skal ivareta kommunen sine interesser i dei felleseigde idrettsanlegga.

Kommunestyret plar vanlegvis å oppnemna leiar i DUK som kommunen sin representant i utvalet.

Kommunedirektøren har oppnemnt einingsleiar Kultur og læring som administrasjonen sin representant i utvalet.

Den innvalde rapporterer til DUK, sender inn referat. Leiar i DUK avgjer om det skal rapporterast vidare til andre utval.

Det vert gitt møtegodtgjersle frå kommunen.

DEN KULTURELLE SPASERSTOKKEN

Rådet for eldre og for personar med funksjonsnedsetting har eit medlem i denne gruppa. I tillegg er kultur- og idrettskonsulent, biblioteksjef og ergoterapeut Ølen omsorgssenter medlemmer.

Gruppa fordeler midlar kommunen får frå fylkeskommunen etter søknad.

Rådet for eldre og personar med funksjonsnedsetting vel eit medlem og eit varamedlem.

Den innvalde rapporterer til, rådfører seg med REF, eventuelt leiar i OPOM.

Det vert gitt møtegodtgjersle frå kommunen.

KYRKJELEGE FELLESRÅD – KOMMUNEN SIN REPRESENTANT OG VARAREPRESENTANT

Det er soknerådet som opptre på vegner av soknet dersom ikkje anna kjem tydeleg fram i lova eller kyrkjeordninga. I kyrkjeordninga § 17 er det slått fast at kyrkjelydane gjennom fellesrådet skal samarbeide om visse oppgåver (innanfor kommunen).

Fellesrådet er kyrkjelyden sitt organ på den måten at medlemmene av fellesrådet blir valde av og blant dei som er valde til faste medlemmer av dei einskilde sokneråda, k.o. § 15.

Kommunestyret oppnemner eit medlem til kyrkjeleg fellesråd. Representanten blir vald for same perioden som kommunestyret.

Den innvalde rapporterer til formannskapet.

Det vert gitt møtegodtgjersle frå kommunen.

FORLIKSRÅD

Etter Domstollova skal kommunane ha eit forliksråd med tre medlemmer og tre varamedlemmer.

Rådet vert vald av kommunestyret for fire år og vert oversendt Statsforvaltaren for endeleg oppnemning.

Får 01.01.2025 blei det oppretta eit felles forliksråd for kommunane Etne og Vindafjord.

Val av medlemmer til Forliksrådet i Etne og Vindafjord skjer på denne måten: Etne kommunestyre oppnemner eitt fast medlem og eitt vara-medlem. Vindafjord kommunestyre oppnemner to faste medlemmer og to vara-medlemmer. Etne kommunestyre og Vindafjord kommunestyre oppnemner leiar blant medlemmer med felles vedtak.

Kommunedirektøren skal etter fullmakt frå kommunestyret oppnemnt tre møtefullmektigar.

Ein representant frå Etne og Vindafjord politistasjon er sekretær i rådet.

Møtegodtgjersle utbetalt etter Staten sine satsar, sekretariatet frå politiet har ansvar for dette.

SAKKYNDIG TAKSTNEMND EIGEDOMSSKATT

Kommunestyret har vedtatt vedtekter for eigedomsskatt i Vindafjord kommune. Kommunestyret har i medhald av Eigedomsskattelova vald ei sakkyndig nemnd til å verdsetja eigedomar i kommunen på bakgrunn av forslag frå engasjerte synfararar. Takstnemnda har fem medlemmer med personlege varamedlemmer.

Det vert gitt møtegodtgjersle frå kommunen.

SAKKYNDIG ANKENEMND EIGEDOMSSKATT

Kommunestyret har vedtatt vedtekter for eigedomsskatt i Vindafjord kommune. Kommunestyret har i medhald av Eigedomsskattelova vald ei sakkyndig nemnd til å verdsetja eigedomar i kommunen på

bakgrunn av forslag frå engasjerte synfararar.

Takstnemnda har fem medlemmer med personlege varamedlemmer.

Kommunestyret har vidare vald ei ankenemnd som skal behandla klagar. Ankenemnda har 5 medlemmer med personleg varamedlemmer.

Det vert gitt møtegodtgjersle frå kommunen.

JORDSKIFTEMEDDOMMARAR TIL HAUGALANDET OG SUNNHORDLAND JORDSKIFTERETT – VINDAFJORD KOMMUNE

Etter domstollova skal kommunane oppnemna jordskifte-meddommarar. Jordskifteretten bed kommunen oppnemna det antalet jordskifte-meddommarar dei treng for den komande perioden, likt antal kvinner og menn.

Jordskifteretten er ein særdomstol som arbeidar med saker heimla til jordskiftelova.

Haugalandet og Sunnhordland jordskifterett har rettsstad på Stord i Leirvik sentrum og har eit variert sokn der ein finn både høgfjell, skjærgard, by og land.

Haugalandet og Sunnhordland jordskifterett omfattar kommunane: Bokn, Haugesund, Karmøy, Sauda, Suldal, Tysvær, Utsira, Vindafjord, Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes. Jordskifteretten har i hovudsak oppgåver som omhandlar omforming av eigedomar, tilrettelegging for samarbeid på tvers av eigedomsgrenser, kartlegging av rettsforhald til fast eigedom, fastlegging av eigedomsgrenser og ulike skjønn.

Møtegodtgjersle utbetalt etter [Staten sine satsar](#)

Les meir om [vervet som medommar på domstol.no](#)

MEDDOMMARAR TIL GULATING LAGMANSRETT – VINDAFJORD KOMMUNE

Gulating lagmannsretten er ankedomstol for sivile saker og straffesaker, og er førsteinstansdomstol for overprøving av saker som er avgjort i Trygderetten og av Konkurransklage-nemnda.

Lagmannsretten behandlar óg overskjønn og anke over avgjerder frå jordskifterettane.

Gulating lagmannsrett er ein av seks ankedomstolar i Noreg. Domstolen har sete i Bergen.

Lagdømmet omfattar vestlandsfylka Rogaland og Vestland.

Etter domstollova skal kommunane oppnemna meddommarar for lagmannsretten. Gulating lagmannsrett bed kommunen oppnemna det antalet meddommarar dei treng for den komande perioden, likt antal kvinner og menn.

Møtegodtgjersle utbetalt etter [Staten sine satsar](#)

Les meir om [vervet som medommar på domstol.no](#)

MEDDOMMARAR TIL HAUGALAND TINGRETT – VINDAFJORD KOMMUNE

Haugaland og Sunnhordland tingrett er ein førsteinstansdomstol med tinghus i Haugesund og på Leirvik.

Domstolen vart oppretta 26. april 2021 etter samanslåing av Haugaland tingrett og Sunnhordland tingrett.

Deira dømmende oppgåve er å avgjere straffesaker og å løyse privatrettslege tvistar. Forvaltnings- og registreringsoppgåvene inkluderer blant anna dødsfallsregistrering, utferding av skifteattest og notarialforretningar.

Etter domstollova skal kommunane oppnemna meddommarar til tingretten. Haugaland tingrett

bed kommunen oppnemna det antalet meddommarar dei treng for den komande perioden, likt antal kvinner og menn.

Møtegodtgjersle utbetalt [etter Staten sine satsar](#).

Les meir om [vervet som medommar domstol.no](#)

SKJØNSMEDLEMMER TIL HAUGALAND DOMSOGN – MEDLEMMER FRÅ VINDAFJORD KOMMUNE

Etter Skjønnsprosesslova skal Fylkestinget oppnemna eit utval av skjønnsmedlemmer. Oppnemning skal skje etter forslag frå kommunestyra.

Domstolane har gitt uttrykk for at det er viktig med skjønnsmedlemmer med kompetanse knytta til ulike sider av plan- og reguleringsprosessar og bygg- og anleggsverksemd. Eit anna viktig element som er spelt inn er kompetanse innan økonomi, revisjon og rekneskap.

Møtegodtgjersle utbetalt etter [Staten sine satsar](#).

SKJØNSMEDLEMMER ETTER FORPAKTINGSLOVA

Etter Forpaktingslova skal kommunestyret velja eit utval på tre medlemmer. Utvalet skal halda skjøn til opplysning om kva tilstand eigedomen er i både når forpaktinga blir inngått og når ho blir avslutta. Det vert gitt møtegodtgjersle frå kommunen.

MEDVIND NÆRINGSHAGE AS – STYREMEDLEM

Næringshagen legg til rette for nyskaping og vekst i nytt og eksisterande næringsliv på indre Haugalandet. Kontorstad er Medvindbygget i Ølensvåg. Kommunen er aksjonær, og kommunestyret kjem med forslag om kven som skal vera kommunen sin representant i styret.

Den innvalde skal representere selskapet og ivareta deira interesse.

Møtegodtgjersle blir gitt frå selskapet.

Den innvalde rapporterer til formannskapet.

LANDBRUKETS HUS

Utleige av kontorlokale til tenesteprodusentar som har landbruk og anna næringsliv som målgruppe. Saman med leigetakarane, kommunen og evt. andre aktørar kan selskapet delta i utvikling av framtidretta rådgjevingsprodukt o.a. tenester for landbruk og anna næringsliv.

Kommunen er største aksjonær.

Den innvalde skal representere selskapet og ivareta deira interesse. Den innvalde rapporterer til formannskapet.

Møtegodtgjersle blir gitt frå selskapet.

IMSLAND BYGDAHUS – MEDLEM OG VARAMEDLEM I REPRESENTANTSKAP

Etter vedtektene for bygdauset skal Vindafjord kommune ha ein representant i representantskapet.

Den innvalde skal representera kommunen sine interesser og rapportera til DUK.

Det vert gitt møtegodtgjersle frå kommunen.

SANDEID SAMFUNNSHUS – MEDLEM OG VARAMEDLEM TIL REPRESENTANTSKAPET

Etter vedtektene skal Vindafjord kommune møta med ein representant utan røysterett i representantskapet.

Den innvalde skal representera kommunen sine interesser og rapportera til DUK.

Det vert gitt møtegodtgjersle frå kommunen.

SKJOLD ARENA SA – MEDLEMMER OG VARAMEDLEMMER TIL REPRESENTANTSKAPET

Kommunen har eigarandelar i Skjold Arena SA.

Etter vedtektene er det kun friviljuge lag og organisasjonar i Skjold i tillegg til idrettslaga i Skjold, Vats og Vikebygd og Vindafjord kommune bli medlem. Talet på andelar kan vera slik at kommunen saman med idrettslaga til ei kvar tid har meir enn 50% av andelane. Kommunestyret har oppnemnt 5 medlemmer med 5 nummererte varamedlemmer til representantskapet.

Dei innvalde skal representera kommunen sine interesser og rapportera til DUK.

Det vert gitt møtegodtgjersle frå kommunen.

VIKEBYGD BYGDAHUS – MEDLEMMER I REPRESENTANTSKAP

Etter vedtektene skal Vindafjord kommune ha 3 representantar i representantskapet med 3 personlege vararepresentantar.

Dei innvalde skal representera kommunen sine interesser og rapportera til DUK.

Det vert gitt møtegodtgjersle frå kommunen.

ØLEN KULTURHUS – MEDLEMMER I REPRESENTANTSKAP

Av protokollar frå Ølen kommunestyre går det fram at kommunestyret har vald fem medlemmer med personlege varamedlemmer i representantskapet.

Dei innvalde skal representera kommunen sine interesser og rapportera til DUK.

Det vert gitt møtegodtgjersle frå kommunen.

FAIRTRADE – POLITISKE MEDLEMMER I STYRINGSGRUPPA

Kommunestyret vedtok i møte 17.12.13, sak 079/13, å søkja om å bli ein fairtrade-kommune. Etter positivt svar på søknaden har kommunestyret oppnemnt to politiske representantar i styringsgruppa, som i tillegg har ein medlem frå administrasjonen.

Kommunestyret har vedtatt at fairtrade-saker skal handsamast av OPOM.

Møtegodtgjersle frå kommunen.

Kven representerer den innvalde i ulike styre, råd og utval?

I styret i eit aksjeselskap/stifting representerer den innvalde selskapet. Eit styremedlem skal ivareta selskapet sine interesser. Styret skal sørge for forsvarleg organisering av virksomheten og halda seg orientert om selskapet si økonomiske stilling.

I representantskap og i utval der ein blir vald inn som representant og ikkje er styremedlem, skal ein representera kommunen og fremma kommunen sine interesser.

Forskrift for godtgjersle til folkevalde i Vindafjord kommune

Det er den til ei kvar tid gjeldande forskrifta for godtgjersle til folkevalde som er utgangspunktet for kor mykje ein har krav på, frå kommunen, i godtgjersle for vervet.

Forskrifta gjeld alle med kommunale verv utnemnd av kommunestyret. Den er å finna på kommunen si heimeside.

Spørsmål om vervet kan stillast til leiar i utvalet eller til politisk sekretariat i kommunen.